



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 12

(2007–2008)

---

## Om endringer i statsbudsjettet for 2007 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet av 16. november 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål på statsbudsjettet, endringar av løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda og inntektene under folketrygda for 2007.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2007 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2007. Berekningsgruppa for folketrygda, som gjer anslag for regelstyrte ordningar under Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine programområde 09, 29 og 33, programområde 30 Helsevern, folketrygda under Helse- og omsorgsdepartementet og fødselspengar og adopsjonspengar under Barne- og likestillingsdepartementet, har sett på overslaga i møte 25. oktober 2007. Forslag til endringar i løyvingar som vedkjem Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine områ-

de, er med mindre avrundingar m.m. basert på overslag i Berekningsgruppa. Dei andre departementa fremmar eventuelle forslag om endringar i sine proposisjonar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fremmar forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål med 308 mill. kroner, å redusere løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 1 527 mill. kroner og å redusere løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv med 500,1 mill. kroner. Samla gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om at løyvingane under utgiftskapitla blir redusert med 2 335,1 mill. kroner. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga for inntekter under inntektskapitla med om lag 35,9 mill. kroner.

---

Kap. 601, 605, 606, 621, 634, 635, 648, 650, 651, 660, 664, 666, 667, 683,  
690, 691, 2541, 2542, 2620, 2650, 2652, 2653, 2655, 2661, 2670,  
2680, 2686, 2690, 3634, 3635, 3651, 3680, 3690, 5701, 5704, 5705

## 2 Forslag under dei enkelte kapitla

### Kap. 601 Utredningsverksemd, forskning m.m.

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
73	Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukmeldte, <i>kan overførast</i>		2 000	7 000	5 000

*Post 73 Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukmeldte, kan overførast*

sjukmeldte med 5 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon under kap. 605 post 21 Særskilde driftsutgifter. Sjå kap. 605 post 21 for nærare omtale.

Løyvinga på posten er 2 mill. kroner for 2007.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 601, post 73 Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for

### Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter .....	3 387 321	7 698 354	7 704 229	5 875
21	Særskilde driftsutgifter .....	6 808	47 000	42 000	-5 000
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> .....	45 276	206 300	214 300	8 000
Sum endringar .....					8 875

#### Uavklarte differansar

Rekneskapan til tidligare Rikstrygdeverket viste i 2006 tre uavklarte differansar som har sin opphav langt tilbake i tid. Differansane er vidareført i Arbeids- og velferdsetatens rekneskap og gjeld kasseforsterkningar, pensjonstrygd for sjømenn og bidragsområdet. Nettoeffekten av differansane utgjer 106,7 mill. kroner. Det er lagt ned ein stor innsats for å finne ut av årsaka til differansane.

Den første differansen gjeld kasseforsterkningar til tidligare Rikstrygdeverket på kr 46 770 674,41. Denne differansen er eit akkumulert beløp som har opphav frå 1980-tallet og fram til 2005. Før innføring av konsernkontoordninga i staten i 1999 hadde tidligare Rikstrygdeverket ein eiga konsernkontoordning for trygdeetaten. Den tidlige konsernkontoordninga var lagt opp slik at Finansdepartementet førte kassafosterkningar over til Rikstrygdeverket som formidla desse kassafosterkningane vidare til det einskilde trygdekontor.

Ordninga førte til forskyvingar i tid i føringa av rekneskapan i alle ledd. Forskyvingane i tid førte til at det på totalnivå har blitt store utfordringar knytt til avstemmingar. Differansen er per i dag isolert og bokført som gjeld i Arbeids- og velferdsetaten sin balanse. Etterkontrollar viser at utbetalingane er korrekte, slik at differansen ikkje utgjer ein reell gjeld.

Den andre differansen gjeld mellomværande mellom Pensjonstrygda for sjømenn og tidligare trygdeetaten på kr 2 358 567,48. Denne differansen har opphav frå 1980-tallet og fram til 2006. Differansen er knytt til forskjellar mellom det som kommer fram på anvisningslista frå Pensjonstrygda for sjømenn, og det som er utbetalt frå trygdeetaten. Utbetalingane gjeld sjømannspensjon. Differansen er per i dag isolert og bokført som gjeld i Arbeids- og velferdsetaten sin balanse. Etterkontrollar viser at utbetalingane er korrekte, slik at differansen ikkje utgjer ein reell gjeld.

Den tredje differansen gjeld bidragsområdet. Tidligere trygdeetaten tok i 1992 over arbeidet med bidrag frå bidragsfogdane. Frå 1992 – 2005 ble innbetalt bidrag og utbetalt bidrag, dvs. den private delen av oppgjøret, ført til inntekt/utgift i statsrekneskapen. I 2006 blei dette prinsippet endra slik at oppgjøret mellom dei private partane på bidragsområdet, blei ført i balansen og postert som ein del av Arbeids- og velferdsetaten sitt mellomværande med Finansdepartementet. Innbetalningar i desember 2005 er dermed ført til inntekt i 2005, medan motsvarande utbetaling i 2006 er ført i balansen i rekneskapen. Som ein konsekvens av endra prinsipp for rekneskapen i 2006 må mellomværande justerast med kr 155 794 701 i 2007. Dette for å etablere ein korrekt netto gjeldspost som følgjar av forskyving i tid mellom inn- og utbetalningar på området for bidrag. Differansen er per i dag isolert og bokført som ein fordring i Arbeids- og velferdsetaten sin balanse. Etterkontrollar tilbake til 1992 viser at utbetalingane er korrekte knytt til innbetalt bidrag. Differansen er av rekneskapsteknisk art og representerer ikkje ein reell fordring i Arbeids- og velferdsetaten sin balanse.

Departementet gjer framlegg om at differansane som er omtalt ovanfor blir postert ut i Arbeids- og velferdsetaten sitt rekneskap mot konto for forskyving i balansen. Det er satt i verk tiltak som skal sikre at det ikkje blir nye differansar. Det synast til forslag til romertallsvedtak II.

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at oppgåver knytt til Ressurscenter for natur- og reindriftstenester blir ført over til Arbeids- og velferdsetaten, jf. omtale under kap. 683 Ressurscenter for natur- og reindriftstenester, post 01 Driftsutgifter. Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 01 Driftsutgifter blir som følgje av overføringa foreslått auka med 0,875 mill. kroner. Kap. 683 Ressurscenter for natur- og reindriftstenester, post 01 Driftsutgifter blir foreslått redusert med tilsvarande beløp.

I tillegg gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å styrke Arbeids- og velferdsetaten, kap. 605 post 01 med 5 mill. kroner knytt til utgifter til helserefusjonsprosjektet, jf. omtale nedanfor under kap. 605 post 45.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer samla eit framlegg om å auke løyvinga med 5,875 mill. kroner.

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2007 blei 15 mill. kroner overført frå kap. 601, post 73 Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukmeldte, kan overførast til kap. 605, post 21 Særskilde driftsutgifter.

5 mill. kroner av desse midlane er planlagt nytta til utviklings- og informasjonstiltak, mellom anna evaluering av IA-avtalen og gjennomføring av nasjonal dialogkonferanse. Det viser seg at dei første tiltaka ikkje blir starta opp før i januar 2008. Det vil også bli nytta midlar til formålet i 2009. Midlane bør derfor førast tilbake til kap. 601, post 73 slik at midlane blir overførte til og kan nyttast til formåla i 2008.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 605, post 21 Særskilde driftsutgifter med 5 mill. kroner mot tilsvarande auke under kap. 601, post 73 Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukmeldte.

#### *Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21*

Forvaltningsansvaret for helserefusjonar skal først over frå Arbeids- og velferdsetaten til sosial- og helseforvaltninga innan 2010. Løyvinga til Arbeids- og velferdsetaten for 2008 gir grunnlag for å gjennomføre naudsynte omstillingsaktivitetar for overføring av forvaltningsansvaret innan utgangen av 2009. Løyvinga er ikkje tilstrekkeleg for å kunne ferdigstille ny elektronisk frikortløyving før eller samstundes med overføringa av forvaltningsansvaret. Elektronisk frikortløyving vil gi effektiviseringsgevinstar gjennom redusert trong etter manuell sakshandsaming. Det er derfor ein føremon å ta i bruk elektronisk frikortløyving samstundes med overføringa av forvaltningsansvaret.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet vil derfor gjere framlegg om å styrke løyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 13 mill. kroner for starte arbeidet med frikortløyving i år. Dette vil også gjere det mogleg med ei raskare overføring av forvaltningsansvaret.

Styrkinga av Arbeids- og velferdsetaten med 13 mill. kroner er fordelt med 5 mill. kroner på kap. 605 post 01 og med 8 mill. kroner på kap. 605, post 45. Forslaget fremmes med inndekning i nedsetjing av løyvinga under kap. 634 post 73. Forslaget inneber og at Helse- og omsorgsdepartementets ramme blir redusert med 3 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 10 (2007–2008).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer

framlegg om å auke løyvinga under post 45 med 8 mill. kroner.

### Kap. 606 Trygderetten

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter .....	51 817	56 009	54 209	-1 800

#### Post 01 Driftsutgifter

Det ventes eit mindreforbruk på Trygderettens driftsløyving for 2007.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om redusere løyvinga med 1,8 mill. kroner.

### Kap. 621 Tilskot forvalta av Sosial- og helsedirektoratet

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
22	Særskilde driftsutgifter, funksjonshemma .....		32 900	31 500	-1 400

#### Post 22 Særskilde driftsutgifter, funksjonshemma

Det ventes eit mindreforbruk på posten i 2007.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 1,4 mill. kroner.

### Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
71	Særskilde arbeidsmarknadstiltak, <i>kan overførast</i> .....	3 244 181	3 575 600	3 525 600	-50 000
73	Investeringar i skjerma verksemd ...	35 526	17 000	7 000	-10 000
74	Lønns subsidie ved reaktivisering, <i>overslagsløyving</i> .....	18 593	44 000	20 000	-24 000
Sum endringar .....					-84 000

#### Post 71 Særskilde arbeidsmarknadstiltak, kan overførast

For 2007 er det i alt løyvd 3 575,6 mill. kroner til arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma. I perioden januar – august 2007 blei det gjennomført om lag 350 fleire tiltaksplassar for yrkeshemma enn det planlagde nivået på om lag 28 000 plassar. I lys av

gjennomføringa til no i år, ventar Arbeids- og velferdsdirektoratet ei noko høgare gjennomføring for heile året enn det planlagde nivået på om lag 28 000 plassar.

Trass i høg gjennomføring av arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma, ventar direktoratet eit mindreforbruk på om lag 50 mill. kroner under kap. 634

post 71. Bakgrunnen er mellom anna noko lågare gjennomsnittleg pris på arbeidsmarknadstiltaka for yrkeshemma enn kva som låg til grunn for løyvinga. Mindreforbruket har ikkje medverka til lågare gjennomføring av arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma enn planlagt.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 634, post 71 Særskilde arbeidsmarknadstiltak med 50 mill. kroner.

#### *Post 73 Investeringar i skjerma verksemd*

Løyvinga under posten er på 17 mill. kroner i 2007. Arbeids- og velferdsdirektoratet ventar no eit mindreforbruk på om lag 10 mill. kroner. Bakgrunnen er eit lågare behov for investeringar enn kva som låg til grunn for løyvinga.

Dette inneber at løyvinga til investeringar i skjerma verksemd kan reduserast med 10 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 634

post 73 Investeringar i skjerma verksemd med 10 mill. kroner.

#### *Post 74 Lønnssubsidie ved reaktivisering, overslagsløyving*

Ordninga med lønnstilskot ved reaktivisering av uførepensjonistar starta opp 1. januar 2002, medan ordninga med uførepensjon som lønnstilskot blei innført som eit forsøk i fem fylke frå 1. januar 2005. For 2007 er det i alt løyvd 44 mill. kroner.

I St.prp. nr 1 (2007–2008) er det fremma forslag om å fase ut begge ordningane innan utgangen av 2010, og erstatte desse med eit ikkje-tidsavgrensa lønnstilskot. Løyvinga blir foreslått justert ned med 24 mill. kroner til 20 mill. kroner for 2007. Årsaka til reduksjonen er at aktiviteten på desse tiltaka så langt i år har blitt lågare enn rekna med.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 634 post 74 Lønnssubsidie ved reaktivisering med 24 mill. kroner til 20 mill. kroner.

### **Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak**

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
02	Opplæringstenester .....	19 492	2 000	0	-2 000

#### *Post 02 Opplæringstenester*

For 2007 er det budsjettet med inntekter på 2 mill. kroner under kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak post 02 Opplæringstenester. I 2007 er det ikkje ven-

ta inntekter frå sal av kursplassar frå Arbeids- og velferdsetaten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 3634 post 02 med 2 mill. kroner.

### **Kap. 635 Ventelønn**

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Ventelønn, overslagsløyving .....	395 332	325 000	340 000	15 000

#### *Post 01 Ventelønn, overslagsløyving*

For 2007 er det i alt løyvd 325 mill. kroner til utbetaling av ventelønn. Det er forventa noko høgare tilstrøyming av ventelønns mottakarar og gjennomsnittleg utbetaling enn kva som låg til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 635 post 01 med 15 mill. kroner til 340 mill. kroner.

**Kap. 3635 Ventelønn**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirinnekt (+) Mindreinntekt (-)
01	Refusjon av statlig verksemd .....	98 640	98 000	88 500	-9 500
85	Innfordra feilutbetaling av ventelønn	598	2 400	4 500	2 100
Sum endringar .....					-7 400

*Post 01 Refusjon statlig verksemd*

For 2007 er det budsjettert med refusjon frå statlige verksemdar på i alt 98 mill. kroner. Omfanget av refusjonar er noko lågare enn budsjettert for 2007.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg å redusere løyvinga med 9,5 mill. kroner til 88,5 mill. kroner.

*Post 85 Innfordra feilutbetaling av ventelønn*

Statens innkrevjingssentral står for innføring av feilutbetalingar av ventelønn. Frå 2008 vil NAV innkrevjing ta over oppgåva. For 2007 er det løyvd i alt 2,4 mill. kroner under kap. 3635 post 85. Arbeids- og velferdsdirektoratet ventar no ei samla innkrevjing på om lag 4,5 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 3635 post 85 med 2,1 mill. kroner.

**Kap. 648**

Arbeidsretten, meklingsinstitusjonen m.v.

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter .....	12 853	12 890	14 190	1 300
21	Særskilde driftsutgifter .....	681	1 600	300	-1 300
Sum endringar .....					0

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga under kap. 648 post 01 dekkjer driftsutgifter til Arbeidsretten, Riksmeklingsmannen, Rikslønnsnemnda og Tariffnemnda.

Løyvinga for 2007 er 12,89 mill. kroner.

Arbeidsretten har hatt ei auke i utgifter (honorar og reiseutgifter) til meddommarar for hovudforhandlingar i andre halvår 2007 som følgje av eit tett berammelsesprogram. Arbeidsretten har og behov for midlar til å oppgradere maskinpark, bibliotek og rettslokala.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 1,3 mill. kroner, frå 12,89 til 14,19 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon under kap. 648 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonen m.m, post 21 Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*.

*Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekkje auka utgifter ved institusjonane samt kompetansebygging og utreiingar om kollektiv arbeidsrett.

Løyvinga for 2007 er 1,6 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet viser til framlegget under kap. 648 post 01 Driftsutgifter og gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga under post 21 med 1,3 mill. kroner, frå 1,6 til 0,3 mill. kroner, mot tilsvarende auke under kap. 648 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonen m.m, post 01 Driftsutgifter.

**Kap. 650 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter .....	83 226	87 535	86 735	-800

*Post 01 Driftsutgifter*

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har i 2008 fått delegert ansvar for å gjennomføre fleire store tiltak i Handlingsplanen mot tvangsekteskap (2008–2011). IMDi skal gjennomføre tiltaka minoritetsrådgjeverar i skulane, integreringsrådgjeverar (integreringsattachéer) og støtte til frivillige organisasjonar. Iverksetting av tiltaka inneber at IMDi allereie i 2007 må førebu og operasjonalisere tiltaka. Løyvinga på posten blir foreslått auka med 1,6 mill. kroner til dette arbeidet.

Løyvinga på posten blei i saldert budsjett for 2007 styrka med 2,4 mill. kroner som ein kompensasjon for betaling av meirverdiavgift på kjøp av administrative tenester frå UDI. IMDi har av Oslo Fylkeskatteskattkontor fått utsett avgiftsplikta. Løyvinga blir derfor foreslått nedjustert med 2,4 mill. kroner.

Samla blir løyvinga under kap. 650 post 01 foreslått redusert med 800 000 kroner.

**Kap. 651 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> .....	33 893	39 200	40 800	1 600
60	Integreringstilskot, <i>overslagsløyving</i> .....	2 826 818	2 826 400	2 679 400	-147 000
61	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar .....	1 067 465	1 265 100	1 213 200	-51 900
Sum endringar .....					-197 300

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga på posten blir mellom anna brukt til å finansiere norskprøver for vaksne innvandrarar. I saldert budsjett 2007 blei det lagt til grunn at 6 300 kandidatar skulle gå opp til prøve. Talet kandidatar som faktisk går opp til prøve i 2007 ser nå ut til å bli om lag 10 000. Dermed blir utgiftene til norskprøver 2,15 mill. kroner meir enn det som blei løyvd i saldert budsjett. 550 000 kroner blir foreslått omdisponert frå andre tiltak på same post.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om auke løyvinga med 1,6 mill. kroner.

*Post 60 Integreringstilskot, overslagsløyving*

Integreringstilskotet skal dekkje dei gjennomsnittlige utgiftene kommunane har ved busetting og integrering av flyktningar i busettingsåret og det nes-

te fire åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid, slik at flyktningane snarast mogeleg får arbeid og blir i stand til å forsørge seg sjølve.

Det er løyvd 2 826,4 mill. kroner på kap 651 post 60. Løyvinga er basert på at det blir busett 5 820 personar i 2007, 3500 personar frå mottak, 1 200 familiesameinte og 1 120 overføringsflyktningar. Vidare er det lagt til grunn at 70 pst. av tilskotet for desse personane blir betala ut i 2007.

Gjennom året har vedtaksproduksjonen i UDI vore lågare enn forutsatt i statsbudsjettet for 2007. Dette har ført til at det har blitt få busettingsklare personar i mottak i forhold til føresetnadene i budsjettet. Vedtaksproduksjonen ventes å ville auke mot slutten av året, men IMDi reknar med at det blir busett berre 2 800 personar frå mottak i 2007.

Når mye av busettingen skjer på slutten av året vil ein større del av integreringstilskotet bli utbetalt først i 2008. Departementet antar nå at 67 pst. av tilskotet blir utbetalt i 2007.

Løyvinga blir redusert i hovudsak på grunn av mindre busetting i 2007, og at ein større del av busettinga skjer mot slutten av året, slik at tilskotet ikkje blir utbetalt til kommunane før i 2008.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om redusere løyvinga med 147 mill. kroner.

*Post 61 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak*

Frå 1. september 2005 blei tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap lagt om frå ei ordning basert på gjennomførte timar og aktivitetar, til ei rammebasert ordning meir basert på objektive kriteria. Det nye tilskotet består av eit tilskot per person (per capitatilskot), eit skjønnsstilskot og eit resultatstilskot.

Ein del små og mellomstore kommunar har varsla at dei har hatt vanskar med å gjennomføre ei opplæring av forsvarleg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang med den nye finansieringsordninga. For å betre finansieringa blei skjønnsstilskotet styrka med 75 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett. Midla blei tildelte som eit eingongstilskot på 400 000 kroner til kommunar som gav opplæring i norsk og samfunnskunnskap til mellom 10 og 200

vaksne innvandrarak. Det blei òg løyvd middel som kommunane kunne søkje på der ein ikkje kunne finansiere god opplæring, og heller ikkje oppnå effektivisering gjennom interkommunalt samarbeid.

Talet på personar som utløyser per capitatilskot i 2007 har auka samanlikna med det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Samstundes har ikkje skjønnsmidla som kommunane kunne søkje om, blitt brukt fullt ut. Det er også søkt om færre resultatstilskot enn det som blei lagt til grunn i samband med revidert nasjonalbudsjett. Samla har forventta utbetaling til per capitaordninga ikkje endra seg etter revidert nasjonalbudsjett.

Personar som var i målgruppa for norskopplæring før 1. september 2005, utløyser tilskot etter overgangsordninga, som er ei vidareføring av ordninga som gjaldt før 1. september 2005. Rapportering frå Fylkesmennene for 2. halvår 2007 viser at aktiviteten etter overgangsordninga er lågare enn forventta ved byrjinga av året. Utbetaling etter overgangsordninga i 2007 vil bli på om lag 650 mill. kroner, eller 50 mill. kroner lågare enn det sin blei lagt til grunn i samband med i revidert nasjonalbudsjett.

Frå 1. september 2007 får personar som oppheld seg i mottak tilbod om opplæring i norsk. Talet på personar som får tilbod er lågare enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Utgiftene til tiltaket blir derfor redusert med 1,8 mill. kroner.

Løyvinga under kap. 651, post 61 blir samla foreslått redusert med 51,9 mill. kroner.

**Kap. 3651 Busetting av flyktingar og tiltak for innvandrarak**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
02	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter .....		36 300	32 700	-3 600

*Post 02 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter*

Visse utgifter som er knytte til norskopplæring for asylsøklarar i mottak kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

I samband med revidert nasjonalbudsjett blei det løyvd 40,28 mill. kroner til norskopplæring i mottak. Av desse blei 90 pst. rekna som ODA-godkjende utgifter. Antal personar i mottak som kjem

frå ODA-godkjende land har frå våren 2007 endra seg frå 90 pst. til 85 pst. Saman med eit lågare tal på personar som fell inn under ordninga med opplæring i mottak førar dette til ein nedgang i utgiftene som kan ODA-godkjennast på 3,6 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,6 mill. kroner.



**Kap. 660 Krigspensjon**

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot, militære, <i>overslagsløving</i> .....	240 317	234 000	230 000	-4 000
71	Tilskot, sivile, <i>overslagsløving</i> .....	576 246	568 000	555 000	-13 000
Sum endringar .....					-17 000

*Post 70 Tilskot, militære, overslagsløving*

Løyvinga for 2007 er 234 mill. kroner.

Talet på krigspensjonistar er noko lågare enn forventa, og ein reknar med at den gjennomsnittlege pensjonen for invalidar blir om lag 1 600 kroner lågare og for enkjer om lag 1 000 kroner lågare enn ein la til grunn i løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 660, post 70 Tilskot, militære med 4 mill. kroner til 230 mill. kroner.

*Post 71 Tilskot, sivile, overslagsløving*

Løyvinga for 2007 er 568 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på sivile krigspensjonistar går ned med om lag 7,0 pst. frå 2006 til 2007, mot 6,8 pst. som blei lagt til grunn i løyvinga. Samstundes reknar ein med at den gjennomsnittlege pensjonen for invalidar blir om lag 2 000 kroner lågare og for enkjer om lag 1 500 kroner lågare enn ein la til grunn i løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 660 post 71 Tilskot, sivile med 13 mill. kroner til 555 mill. kroner.

**Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn**

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot .....	662 000	707 000	642 000	-65 000

*Post 70 Tilskot*

Løyvinga for 2007 er 707 mill. kroner.

Tilskot til Pensjonstrygda for sjømenn skal dekke delar av betalingane til pensjon etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 og underskot i pensjonstrygda etter at fondet til regulering er brukt opp.

Ein ventar no at tilskotet frå staten blir 642 mill. kroner i 2007. Dette er 65 mill. kroner lågare enn lagt til grunn for løyvinga. Årsaka er at inntektene blir høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 664 post 70 Tilskot med 65 mill. kroner til 642 mill. kroner for 2006.

**Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)**

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot .....	849 496	958 000	960 000	2 000

*Post 70 Tilskot*

Løyvinga for 2007 er på 958 mill. kroner.

Utviklinga i talet på AFP-pensjonistar og ytinga i gjennomsnitt har blitt som forventa. Anslagsendringa skuldast små berekningstekniske justeringar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 666, post 70 Tilskot med 2 mill. kroner til 960 mill. kroner.

**Kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskot, overslagsløyving .....	213 857	248 000	250 000	2 000

*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Løyvinga under posten er på 248 mill. kroner i 2007.

Rekneskapan hittil i år viser at utgiftene blir noko høgare enn det som låg til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 667, post 70 Tilskot med 2 mill. kroner til 250 mill. kroner.

**Kap. 683 Ressurssenter for natur- og reindriftstenester**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter, kan overførast .....	375	1 000	125	-875

*Post 01 Driftsutgifter, kan overførast*

Som ein del av arbeidet med å tilpasse reintalet i Vest-Finnmark reinbeiteområde blei det i statsbudsjettet 2004 løyvd 2 mill. kroner til etablering av eit ressurscenter for natur- og reindriftstenester, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004) Landbruksdepartementet. Den totale løyvinga på 2 mill. kroner blei fordelt over 3 år (2005, 2006 og 2007). Løyvinga for 2007 er på kap. 683 post 01 Driftsutgifter. Løyvinga blei gjort overførbar frå 2007 til 2008 i samband med revidert nasjonalbudsjett 2007, jf. St.prp. nr. 69 (2006–2007) og Innst. S. nr. 230 (2006–2007).

Det overordna målet for senteret er å gje bistand til personar som ønskjer seg ut av reindrifta og over i anna inntektsgjevande verksemd der kompetansen og erfaringa frå reindrifta blir nyttiggjort.

Etableringa av senteret har blitt vesentleg for-

seinka. Arbeids- og inkluderingsdepartementet og senteret er samde om at prosjektet ikkje bør førast vidare i sin noverande form. I samråd med styringsgruppa har departementet vurdert alternative metodar for at dei løyvde midlane skal bli nyttiggjort best mogleg i forhold til dei måla som er satt for senteret.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at oppgåvene knytt til senteret blir ført over til Arbeids- og velferdsetaten i Finnmark, og at løyvinga over kap. 683 Ressurssenter for natur- og reindriftstenester post 01 Driftsutgifter blir redusert med 875 000 kroner. Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 01 Driftsutgifter blir foreslått auka med tilsvarande beløp, jf. omtale under kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten post 01 Driftsutgifter. Dette inneber at Ressurssenter for natur- og reindriftstenester blir avvikla.

**Kap. 690 Utlendingsdirektoratet**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Særskilde driftsutgifter, statlige mottak .....	930 333	780 400	810 400	30 000
22	Særskilde driftsutgifter, tolk og oversetting .....	20 492	24 500	26 500	2 000
	Sum endringar .....				32 000

*Post 01 Driftsutgifter*

UDIs løyving tek utgangspunkt i at det kjem 5 500 nye asylsøkjjarar til Norge i 2007. Dei siste prognosane tilsei at 500 fleire søkjer asyl. UDI må då flytte ressursar over frå fating av vedtak til å intervju dei nye søkjarane, noko som gjer at det blir fatta færre vedtak enn planlagt. Dette skuldast at det er mest ressurseffektivt å intervju søkjarane medan dei oppheld seg i eit transittmottak i nærleiken av UDIs lokale. UDI anslår på denne bakgrunn at det vil bli fatta 350 færre vedtak enn tidligare lagt til grunn.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet er kjend med utviklinga, men sidan ei auka løyving ikkje vil kunne nyttast i 2007 gjer me ikkje framlegg om å auke løyvinga.

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlige mottak*

Løyvinga på posten skal dekkje staten sine utgifter til drift av statlige mottak for asylsøkjjarar og flyktningar. Behovet for løyvingar er avhengig av kor mange personar det er som bur i mottak. Dette heng saman med kor mange som søkjer asyl, sakshandsamingstida i asylsaker, talet på løyve/avslag, busetjingstakten, effektueringa av endelege avslag og kor mange som reiser frå mottaka på eiga hand.

Løyvinga på posten legg til grunn eit lågare gjennomsnittleg mottaksbelegg enn kva som no er realistisk å tru. Det er fleire faktorar som ligg til grunn for avviket, kor det viktigaste er at det blir lagt til grunn at 500 fleire søkjer asyl samstundes

med at 700 færre blir busett sammenlikna med tal i St.prp. nr. 1 (2006–2007). Når fleire søkjer asyl vil UDI måtte prioritere å intervju søkjarane, noko som gjer at det blir fatta færre vedtak enn planlagt. Totalt blir det lagt det til grunn ei auke på 460 personar i det gjennomsnittlege belegget i statlige mottak i forhold til det som ligg til grunn for løyvinga på posten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga over kap. 690 post 21 Særskilde driftsutgifter, statlige mottak med 30 mill. kroner. Forslaget er basert på eit overslag over gjennomsnittleg belegg i mottak på 7 100 personar, jf. romartalsvedtak om fullmakt om mellom-bels innkvartering av asylsøkjjarar og flyktningar. Høg gjennomsnittleg kapasitetsutnytting gjer at meirbehovet er berekna lågare enn ved ein normal-situasjon der UDI har rundt 90 pst. kapasitetsutnytting av dei faste mottaksplassane.

*Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og oversetjing*

Løyvinga på posten dekkjer utgiftene UDI har til tolking og omsetjing i samband med sakshandsaminga av asylsaker. Fordi ein ventar at 500 fleire enn det som ligg til grunn for løyvinga vil søkje asyl er det naudsynt å auke løyvinga på posten med 2 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga over kap. 690 post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og oversetjing med 2 mill. kroner.

**Kap. 3690 Utlendingsdirektoratet**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
04	Statlige mottak, ODA-godkjende utgifter .....	278 931	280 900	291 700	10 800

*Post 04 Statlige mottak, ODA-godkjende utgifter*

Ein del av dei innlandske utgiftene i samband med mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp.

Av ei auka løyving på 30 mill. kroner på kap. 690 post 21, kan 10,8 mill. kroner innrapporterast som

utviklingshjelp. Tilsvarande beløp kan då bli ført som inntekt på kap. 3690 post 04 Statlige mottak, ODA-godkjende utgifter.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga over kap. 3690, post04 Statlige mottak, ODA-godkjende utgifter med 10,8 mill. kroner.

**Kap. 691 Utlendingsnemnda**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling .....	7 697	13 200	8 460	-4 740

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling*  
Løyvinga skal dekkje utgifter til handsaming av saker i nemndmøte, og omfattar godtgjersle til nemndmedlemmer og tolkar, samt reise og opphald for nemndmedlemmer, søkjarar, tolkar og advokatar.

Mange av barnesakene har blitt avgjort i nemndmøte utan personleg frammøte. Når klaga- ren ikkje møter personleg blir utgiftene redusert.

Det er og sakstypar der det har kome fram praksisavklaringar slik at påfølgjande saker av liknande karakter kan avgjerast av nemndleiar aleine.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga over kap. 691, post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling med 4,74 mill. kroner.

**Kap. 2541 Dagpengar**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> .....	6 158 081	4 700 000	4 400 000	-300 000

*Post 70 Dagpengar, overslagsløyving*

For 2007 er det løyvd 4 700 mill. kroner til utbetaling av dagpengar. På grunn av utbetalingane til no i år og utsiktene på arbeidsmarknaden framover vil utbetalingane til dagpengar bli lågare enn det som blei lagt til grunn for revidert nasjonalbudsjett 2007.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 2541 post 70 Dagpengar med 300 mill. kroner til 4 400 mill. kroner.

**Kap. 5705 Refusjon av dagpengar**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
01	Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs .....	28 675	50 000	14 000	-36 000
03	Refusjon av dagpengar frå EØS-land	3 728	2 500	2 700	200
Sum endringar .....					-35 800

*Post 01 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs*

For 2007 er inntektene under kap 5705, post 01 Refusjon av dagpengar tidlegare berekna til 50 mill. kroner.

I lys av omfanget av refusjonar til no i år ventar Arbeids- og velferdsdirektoratet færre refusjonar i

2007 enn lagt til grunn for løyvinga. Bakgrunnen er ein reduksjon i talet på konkursar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 5705 post 01 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs med 36 mill. kroner til 14 mill. kroner.

*Post 03 Refusjon av dagpengar frå EØS-land*

For 2007 er inntektene under kap. 5705 post 03 Refusjon av dagpengar frå EØS-land tidlegare berekna til 2,5 mill. kroner.

På bakgrunn av gjennomsnittleg innbetalingar hittil i år gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 5705, post 03 Refusjon av dagpengar frå EØS-land med 0,2 mill. kroner til 2,7 mill. kroner.

**Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v.**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs .....	355 677	490 100	290 000	-200 100

*Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs*

Løyvinga for 2007 er 490,1 mill. kroner.

Utbetalinger gjennom lønnsgarantiordninga er sterkt avhengig av konjunkturordringar og talet på konkurssaker frå heile landet. Også talet på tilsette samt lønnsnivået påverkar dei samla utbetalingane. Økonomien i kvar enkelt sak har og mykje å seie for utbetalingane samt moglegheitene for å krevje inn dividende frå konkursbua.

Ved utgangen av 2006 var talet på lønnsgarantisaker 1 373 mot 1 691 i 2005, det vil seie ein nedgang på 18,8 pst. Utbetalingane i 2006 var på 355 mill. kroner mot 425 mill. kroner i 2005. Ved utgan-

gen av august 2007 var det kome inn 911 nye saker til Lønnsgarantiseksjonen i Arbeids- og velferdsetaten. Det er ei auke på 1,4 pst. samanlikna med august 2006.

Utbetalingane i 2007 er dels påverka av talet på saker frå 2006 og dels av talet på saker frå første halvår 2007. Då talet på saker frå 2006 var lågare enn talet på saker i 2005, samt at auka i 2007 til no er heilt marginal, blir truleg utbetalingane for 2007 lågare enn i 2006.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 200,1 mill. kroner, frå 490,1 til 290 mill. kroner.

**Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs**

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2006	Løyving 2007	Forslag 2007	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
02	Dividende .....	155 033	100 000	110 000	10 000

*Post 02 Dividende*

Løyvinga for 2007 er 100 mill. kroner.

